



Rådmannen - Samfunnsutvikling

Vår ref: 2005/3366

Dato: 03.04.2009

Saksbehandlar: Anbjørn Høivik

Drøftingsnotat om planstrategi for Kvinnherad

Bakgrunn

Forvaltningskomiteen vedtok 21.01.2009 eit oversendingsforslag om framdrift på rullering av kommunedelplanar:

Det vert fremja sak for kommunestyret vedr. planlagt framdrift for rullering av kommunedelplanane, inkludert handlingsplan.

I kommunestyret 05.02.2009 var det ei replikkveksling der det vart etterlyst ein debatt i kommunestyret om kommuneplanarbeidet. Ordføraren har følgd opp dette med ein førespurnad til verksemd for samfunnsutvikling. Etter samråd med ordførar, politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeidet og rådmannen har verksemda utarbeidd dette drøftingsnotatet til kommunestyret.

Slik rådmannen ser det vil eit viktig føremål med drøftinga vere å starte førebuingane til ein planstrategi for Kvinnherad kommune. Gjennom den nye plan- og bygningslova vert m.a. dette frå 01.07.2009 gjort gjeldande:

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

(...)

Neste kommuneval er i 2011, så ein slik planstrategi må altså vera på plass i slutten av 2012.

Det er verdt å merke seg at den nye planlova har eit vidare perspektiv og sterkare fokus på samfunnsutvikling enn den gjeldande lova. Berekraftig utvikling er sentralt i lova sitt føremål. Andre sentrale omgrep i føremålsparagrafen er samordning av offentlege oppgåver, openheit, forutseieleg, medverknad, langsiktige løysingar, konsekvensar for miljø og samfunn, universell utforming, oppvekstvilkår og estetikk.

Kommunestyret skal leie den kommunale planlegginga, men med den nye planlova står kommunen friare til å organisera arbeidet slik den sjølv finn mest tenleg. Kommunen kan opprette dei utval og treffe dei tiltak kommunen sjølv meiner er naudsynt for å kunne gjennomføra planlegginga. Dagens krav til kommunane om å ha eit fast utval for plansaker fell bort. Kommunane avgjer sjølv om dei vil behalda det faste utvalet for plansaker, eller leggja oppgåvene etter lova til eit anna kommunalt organ. Kravet om ein kommunal tenestemann med særleg ansvar for å ta vare på barns interesser når det faste utvalet arbeider med planar fell bort. I staden må kommunestyret få etablert ei særskild ordning for å ta vare på barn og unges interesser i planlegginga.

Situasjonen i dag

Kommuneplanen er delt opp i ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen er ytterlegare delt opp i 6 delplanområde som vert handsama kvar for seg. Til ei kvar tid er det 2 – 3 kommunedelplanar til rullering. Av kommunane i Hordaland er det berre Kvinnherad som har ei slik oppdeling av arealdelen. Nokre føremoner med dette er at ein kan planleggja meir i detalj, oversiktsplanlegginga vert ein kontinuerleg prosess framfor skippertak no og då og den planfaglege utviklinga og nyvinningar kan takast i bruk

løpande. Ulemper er til dømes at detaljar kan ta mykje av fokuset i det som skal vere overordna planprosessar og at dei ulike delane av kommunen ikkje alltid har felles føresegner for bruk og vern av areala. Ei generell utfordring er at planprosessane har ein tendens til å verta langvarige; ofte grunna konfliktfylte tema og innføring av nye moment godt undervegs i arbeidet.

I tabellen under er det sett opp eit oversyn over status for dei ulike delane av kommuneplanen. Når kommunedelplan for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra venteleg vert ferdig i 2010 vil mest heile kommunen vere løfta opp på ei nokolunde moderne teknisk plattform.

Status for kommuneplanarbeidet	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	
Samfunnsdelen																							
Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy																							
Maurangerområdet (Arvikstrand - /Enes)																							
Rosendalområdet (Svoldal - Uskedalen)																							
Husnesområdet (Herøysund - Handeland)																							
Sandvoll - Matre - Åkra																							
Halsnøy, Fjellbergøy og Borgundøy																							

Vedteke av kommunestyret: ■■■ Forventa vedtak: ■■■

I tillegg til samfunnsdel og arealdel har Kvinnherad også nokre tematiske kommunedelplanar og andre sektorplanar som kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø, trafikksikringsplan, landbruksplan, oversiktsplan for skogbruket, smittevernplan m.fl.

Den gjeldande plan- og bygningslova inneheld ein regel om at kommuneplanen også skal ha ein kortsiktig del som skal vere eit samordna handlingsprogram for sektorane sitt arbeid dei næraste åra. I Kvinnherad, som dei fleste andre kommunar, er det i praksis ein fireårig økonomiplan etter § 44 i kommunelova supplert med ein handlingsplan for same periode som utgjør handlingsprogrammet. Økonomiplan/handlingsplan vert rullert årleg og vedteke i samband med årsbudsjettet. Prosessen med utarbeiding av desse dokumenta følgjer gangen i eit årshjul med meir eller mindre faste prosedyrar. Desse prosedyrane har til no ikkje vore knytt til kommuneplanprosessen.

Etter den nye planlova skal kommuneplanen ha ein handlingsdel som skal visa korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra eller meir. Handlingsdelen kan innehalda økonomiplanen, og den skal reviderast årleg.

Utfordringar

I det vidare er det freista å stille opp nokre spørsmål, stikkord og problemstillingar som utgangspunkt for kommunestyret si drøfting av denne saka.

- Kva er dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø? Berekraft? Samfunnsstryggleik? Estetikk? Sentrum/periferi? Økonomi? Attraktivitet?
- Kva hovudtrekk bør ein langsiktig arealstrategi ha? Prinsipp for romleg utvikling? Samordning? Utbygging og vern av område? Korleis skal kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel henge saman?
- Kva planbehov har Kvinnherad kommune frametter? Kva delar av kommunen har størst trong for oppdatering av arealplanane? Skal kommunen prioritera detaljplanlegging eller oversiktsplanlegging? Kva er sektorane sine planbehov? Skal dei tematiske kommunedelplanane inn eit system for rullering?
- Kva planoppgåver skal prioriterast? Vidareutvikling av arealdelen? Oppdatering av plankarta til ny standard? Analyser og kartlegging

som td. barnetrakk, rasfare, landskap, samfunnstryggleik? Elektronisk presentasjon og dialog? God plandisiplin eller mange dispensasjonar? Samhandling mellom politisk og administrativt nivå?

- Skal Kvinnherad ha éin samla arealplan for heile kommunen, eller skal vi halda fram med ei geografisk oppdeling i delplanar?
Overordna planmynde rår oss til å ha ein felles plan, men dette gir utfordringar i høve til detaljering i tettbygde strom. Er det aktuelt med mellomlysingar? Misser vi fleksibilitet og serpreg viss føresegnene vert meir sjablonmessige som dei vil måtte vera i ein "stor" plan? Eigne delplanar eller områderegulering for tettstadene? Kor detaljerte bør planane vera?
- I kva grad, og på kva måte, skal økonomiplan- og kommuneplanarbeidet sameinast?
Visjon -> Målsettingar -> Strategiar -> Tiltak -> Finansiering -> Rapportering? Heilskap i planforvaltninga?
- Korleis bør kommunen sitt planarbeid organiserast?
Skal formannskapet framleis styra kommuneplanprosessane? Kva rolle skal forvaltningskomiteen ha? Kven bør handsama dispensasjonssakene? Kva ordning skal kommunen ha for å sikre barn og unge sine interesser i planlegginga?

Administrasjonen vil følgje med på kommunestyret si drøfting, og rådmannen vil i fleire saker frametter ha nytte av dei signal som måtte koma fram. Det gjeld td. naudsynte endringar i delegasjonsreglementet, etablering av ordning for barn og unge sine interesser i planlegginga og prioritering av planoppgåver. På lengre sikt skal desse trådane samlast i ein vedteken planstrategi.